



Betong-elementa lengst ute må erstattast med kraftigare saker, men forsikringsselskapet vil førebels betala erstatning for berre to av dei. (Foto:Ola Matti Mathisen)

Reparasjonen av den stormskada piren utanfor moloen i båthamna blir ikkje ferdig til påske, men reparasjonen vil komma så langt at ein vil kunne leggja båtar der. Det er både ein diskusjon med forsikringsselskapet If og sein leveringstid for den nye bølgebrytarane som har forseinka prosessen.

Det opplysar leiar Harald Erdal i Uskedal Båtlag til uskedalen.no. Det er arbeidd intenst for å få alt "restaurert" til påske, men det har ikke vore mogeleg å få den siste biten på plass. Og den siste biten er bølgebrytarane/betongelementa lengst ute som synt seg å vera for veike og fekk ein hard medfart under stormen. Dei må skiftast ut med kraftigare saker slik at ein ikkje risikerar eit nytt samanbrot, for det kjem sikkert fleire heftige stormar.

Men det er ei leveringstid på seks veker på bestilling for slike element og båtlaget har enno ikkje vore i stand til å levera inn bestilling fordi saka ikkje er avklara med forsikringsselskapet.

If har sagt seg viljug til å dekkja alle dei andre skadane på anlegget, men berre utgiftene til to av dei tre betongelementa. Båtlaget har på si side kravd at det skal betalast ut erstatning for alle tre fordi dei må komdemnerast.

Ein viktig del av diskusjonen handlar er naturleg nok også om kva for ein standard dei nye bølgebrytarane skal ha.

Så langt har båtlaget bestilt tre nye uteliggjarar til erstatning for dei som vart brote laus under stormen. Dei nye blir levert frå Dimmelsvik.

Det er også bestilt ny gangveg og dette er stålarbeid som blir ordna lokalt – ved Eidsvik Skipsbyggeri.

- Eidsvik hiver det heile på land og sveisar det opp tatt, fortel Erdal, som vonar at alt unntagen bølgebrytarane – det vil seia stålarbeidet - kan vera ordna og klårt for båtmottak til påske.

- Det blir sjølv sagt inga fullgod løysing, men vi får berre hekta det saman førebels, seier båtlagleiaren.

- Det går rykte om utmeldingar frå båtlaget etter det som har skjedd...

- Ein av dei som låg ved den ramma piren og vart råka av stormen har meldt seg ut, men eg har ikkje høyrst at andre ynskjer å gjera det same, svarar Erdal.

Av Ola Matti Mathisen



Eidsvik skal sveisa opp att den skada piren, som no ser slik ut. (Foto: Ola Matti Mathisen)